

VINJE KOMMUNE  
FØRESEGNER TIL BEBYGGELSEPLAN FOR FRITIDSHYTTENE  
FOR DEL AV

Utarbeidd : 28.10.91 korr 10.2.92  
Utlagt til offentlig ettersyn : .....  
Godkjent i bygningsrådet : .....  
Vedteke i kommunestyret : .....

§ 1

Desse føresegnene gjeld for det område som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

§ 2

Området er regulert til fylgjande føremål:

Byggeområde - Hytter  
Landbruksområde

Spesialområde - Vassforsyning

BYGGEOMRÅDE

§ 3 Hytter.

- Hytter skal plasserast som vist på plankartet, i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal ligge innfor hyttas fire veggar. Mindre justeringar av hytteplasseringa kan gjerast av teknisk etat.
- Tillete bruttoareal for bygning på kvar tomt skal ikkje overstige 85 m<sup>2</sup> (målt utvendig grunnmur, inkl. overbygd utareal). Nødvendig areal til bod, do, m.v. skal inngå i bruksarealet.
- På kvar tomt skal det berre forast opp ei hytteeining.
- Separat uthus, annekst el.l. blir ikkje godkjent.
- Hytta skal mest mogleg underlegge seg naturpreget i området og ha ein enkel og god utforming. Utvendig skal nyttast trematerialar, ståande kledning og naturvenlege fargar.

VEDTEKEN I VINJE
Bygningsråd
SAK 77 / 92
IMØTE 27.08.92

Tomt nr 20  
må flyttast mot sør  
p.g.a. kolmile.

f) Bygningar kan oppferast berre i ein etasje. Hegda på grunnmuren skal ikkje vere over 80 cm.

g) Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 20 - 30 grader. Taktækking skal vere torv.

h) Det skal opparbeidast 1 1/2 parkeringsplass pr. hytte både for vinter- og sommarparkering. Byggeøyve vert ikkje gitt for tilstrekkeleg antal parkeringsplassar er opparbeidd. dersom parkerings skjær på annan eigedom må det føreligge ei tinglyst erklæring om varig rett. Jfr. §11.

i) Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogleg grad.

j) Renovasjon må vera ordna før byggeøyve for hytter vert gitt. Jfr. §11.

k) Det skal ikkje setjast opp gjerde og flaggstenger i området.

l) Der hyttene står på pilarar må det gjerdast mellom desse, dette p.g.a. sau m.v.

m) Båthus blir ikkje godkjent.

LANDBRUKSOMRÅDE

§ 4

Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Bygningar knytt til slik drift kan oppferast i området, etter godkjenning i bygningsrådet.

FAREOMRÅDE

§ 7

I området rundt kraftlinje som er regulera til fareområde skal det ikkje byggast hytter.

SPESIALOMRÅDE

§ 8 Vassforsyning

- Det er ikkje tillete med innlagt vatn. Vassforsyning skal skje frå godkjent vasskjelde og felles vasspostar, dvs. minst 2 hytter pr. vasspost, plassera utanfor grensene for hyttetomtene, og som vist på plankart. Det er ikkje tillete å kople seg på med stikkledningar frå hytte til vasspost eller vasskjelde, og heller ikkje frå hytte til ledning mellom vasskjelde og vasspost.

ANDRE FØRESEGNER

§ 10 Straum

Straumforsyning i hytteområde skal leggast i jordkabel.

§ 11 UTBYGGINGSAVTALE

Før planen kan gjennomførast, må det ligge føre godkjent utbyggingsavtale mellom utbygger og kommunen, der tilhøve vedk. parkering, broyting, renovasjon, vassforsyning o.l. er klarlagt.

§ 12 Dispensasjon.

Bygningsrådet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene, innfor ramma av Plan- og bygningslov og bygningsvedtekter.

§ 13

Etter at denne planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen og føresegnene.